

Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Måløyraid Senteret - finansiering/bygging av Lingehallen

Stiftinga Måløyraid Senteret søker i brev av 08.09.2018 om 2 mill kr til finansiering av «Lingehallen», jf vedlegg. «Lingehallen» er tenkt som ein kino- og konferansesal, og ligg i tilknytning til Måløyraidsenteret

Tiltaket er budsjettert til 8,5 mill kroner. Det vert også søkt Forsvarsdepartementet om tilskot på 3 mill kroner og Vågsøy kommune om 1 mill kroner. I tillegg vert det budsjettert med gåver, sponsorinntekter, m.m. til realiseringa.

«Lingehallen» skal driftast som del av Måløyraid Senteret.

Måløyraid Senteret vart offisielt opna i august 2018, og viser m.a. historia om Måløyraidet og Martin Linge. Stiftinga får eit årleg tilskot (frå staten) til drifta via Musea i Sogn og Fjordane på 0,6 mill kroner. Drifta elles må finansierast ved eigeninntekter.

Fylkesdirektøren ser positivt på at ulike aktørar i fylket tek initiativ og utviklar nye tilbod. Fylkeskommunen har ikkje eigne tilskotsmildar til denne typen tiltak, og det er heller ikkje rom innan hovudutvalet si budsjetttramme til å imøtekomme eit tilskot på det nivå det her vert søkt om. På den bakgrunn vil fylkesdirektøren rå til at søknaden vert avslått.